

SNERTEŃ

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 9
Desember 2013
Årgang 4



Med langeleiken i utlandet

Les reiseskildringane til Lise og Lise



Stor musikkhelg og årsmøte i Oslo 31. 1. – 2.2. 2014



Leiaren har ordet:



GODE LANGELEIKVENER!

Desember -advent - mørketid - tente lys - ettertanke - jul med familie og gode vener - nytt år, nye ubrukte dagar som ventar - dette er ein del av det som er i tankane våre i desse dagar.

Eg håpar at det er ei tid der du kosar deg med førebuing til jul og gler deg til det som kjem. Og når du no har fått Snerten i hendene, kan du finne godstolen, ei kake frå boksen og noko godt og drikke og tenkje på året som har gått.

Dette året har det vore fleire kurs og samlingar i regi av Norsk langeleikforum.

Vi starta på Prestfoss med fokus på spel frå Buskerud og Telemark og med god oppslutning på kursa og årsmøtet.

I mai var det Musikkhelg på Gjøvik i samarbeid med Gjøvik Spelmannslag ,med fullteikna kurs på langeleik, og med ynskje om å halde fram med dette også til neste år.

Helgekurs i Oslo i haust med Gunvor Hegge som lærar hadde og svært god oppslutning, og sist men ikkje minst spelsamling i Vestre Slidre med Johanna Fuglesteg som primus motor. Der var det samla utøvarar i alle aldrar, og låttestev og segner var like viktige som sjølve langeleiklåtten! Og ikkje minst samværet og dei gode historiene rundt bordet.

Kappleikdeltakinga har vore om lag som tidlegare og kan bli betre. Lag spel på Landskappleiken bør ha meir enn eitt lag med langeleik no når det er åpna for dette. Så nye sjanser får de på Geilo!

Storhelg på Riksscena i Oslo blir det første helga i februar. Eit historisk arrangement med Norsk Kvedarforum, Norsk Lur og Bukkehornlag , Norsk Munnharpeforum og Norsk langeleikforum som arrangørar i samarbeid med Riksscena. Der blir det kurs, konserter, minikonserter, dansedokkespiking og mykje meir. Så ta ein titt på heimesida vår så får du meir informasjon om det som skal skje. Programmet står også på side 9 i dette nummeret av Snerten. Årsmøtet i Norsk langeleikforum blir og ein del av arrangementet.

Velkommen til storhelg!

Ynskjer dykk alle ei fredelg jul og eit godt nytt år!

Langeleik på besøk til Grønland.

Tekst og foto: Lise Meling

6.-13. juli i år reiste 130 glade dansere og spelemenn fra hele Norden til Grønleik: et stort stevne i folkedans i byen Ilulissat på Grønland. Noregs Ungdomslag stod som den norske arrangøren og arrangementet er en underavdeling av Nordlek. Grønland var helt uimotståelig med nydelig natur, flotte landskap, hyggelige mennesker og ikke minst god og litt spesiell mat! Vi var med på flotte turer til Isfjorden, midnattsseilas, hvalsafari, fjellturer m.m. På kvelden var det ulike dansearrangementer og konserter. De ulike landene presenterte dans, musikk og håndverk fra sitt eget land. Norge presenterte både dans



og spill: her kom både langeleiken og dansedokka fram! De arrangerte en workshop som var åpen for alle, også byens innbyggere, hvor jeg spilte og demonstrerte. Jeg fikk mange spørsmål og hyggelige kommentarer om både instrumentet og dokka - også mange spørsmål fra nordmenn og dansker som virket relativt ukjent med instrumentet! Alt i alt en svært hyggelig opplevelse - et sted som jeg nok kunne tenkt å reise tilbake til - både med og uten langeleik

Reisebrev frå Hellas

Tekst og foto: Lise Lunde Brennhagen

Eg fekk forespørsel frå Arne Fredriksen i Etnisk Musikklubb om eg kunne tenke meg å spele på ein festival i Hellas i juli. Det måtte eg sjølv sagt takke ja til. Eg ville gjerne ha med meg nokon, og valet fall på Laura Ellestad, sidan me tenkte det var fint å ha med ein felespelar og eg har spelt litt med Laura tidlegare. Så kom tanken om å ha med oss ein dansar, og slik vart også Asgeir Blåvarp Heimdal med.

Me møtte nokså spent opp på Gardermoen tidleg fredag morgen, 5. juli 2013. Flyet var ein time forsinka, noko som skapte litt problem



i forhold til mellomlanding i Düsseldorf og fly vidare. Me rakk det akkurat, men då me kom fram til Thessaloniki, oppdaga me at bagasjen hadde blitt borte, den var altså att i Düsseldorf. Me skulle eigentleg ikkje reise før sundag 7. juli, men sidan det også skulle vere ein festival i landsbyen Dion på same tid, og dei hadde fått høyre at me skulle til Hellas, fekk me spørsmål om å reise ned fredag for å opptre der også.

Me visste lite om kva me skulle, så me var ganske spente. Me vart plukka opp på flyplassen av ein mann, og me fann raskt ut at han ikkje kunne noko særleg engelsk.. Etter om lag ein times køyretur, kom me fram til Dion. Utpå kvelden kom me i kontakt med to som jobba i ambassaden. Då vart ting mykje enklare, sidan dei prata både engelsk og norsk og kunne svare oss på spørsmål og gje oss informasjon.

Dagen etter hadde me eit lite innslag under opninga av konserten. Etterpå var me publikum på ein konsert med to norske kor, eit lite orkester og to solistar frå Hellas. Det var ein flott konsert og ei fin oppleveling og sitje ute seint om kvelden, mørkt, med



berre lys frå nokre lyskastarar. Me vart invitert med ut på middag etter konserten med alle saman. Det var ca 150 personar i alt, både norske og greske. Me sat ute på ein koseleg plass og fekk mykje god mat. Og ja, i Hellas er det visst heilt normalt å ete middag i 24-01 tida..

Sundag 7. juli reiste me vidare til øya Ikaria, der me skulle tilbringe resten av opphaldet og ha to konsertar på festivalen, Icarus festival. Me vart henta på flyplassen av festivalsjefen Vangelis Fampas og Daphne Stef, som jobba som frivillig. Utruleg blide, gjestfrie og herlige folk! Dei var våre guidar under opphaldet og kørde oss rundt dit me skulle, tok oss med ut for å ete og for å oppleve Hellas. Måndag kveld reiste me opp til konsertplassen for å sjå og planlegge litt. Seinare på kvelden, hadde me øving med ein lokal sekkepipespelar, me lærte oss ein lokal melodi som me skulle spele saman på konserten kvelden etter.



Tysdag kveld var det klart for vår fyrste konsert. Me fann ut at grekarar (folk i Ikaria) ikkje er så nøye på tida, og at det er heilt vanleg at ting blir forsinka. Så, 1 time forsinka, kom me i gang med konserten. Dei ville ha ein relativt lang konsert, heile 45 min*2 med 10 min pause vart det. Så me prøvde å lage eit variert program, noko eg synes me klarte bra. Det

var langeleik og hardingfele, både solo og samspel (ulike type låttar), samspel med sekkepipe og me dansa springar, gangar, «runddansmedley» (vals, reinlender, polka og pols), og Asgeir dansa halling.

På onsdag reiste vi til nordsida av øya, der vår neste konsert skulle vere. Den siste konserten var torsdag kveld. Den var oppe i fjella på ein idyllisk vingard, utruleg flott og nesten litt magisk. Eg hadde med meg nokre cd'ar, og dei ville gjerne låne ein for å spele før konserten starta. Det var ei ganske spesiell oppleveling å høyre seg sjølv over høgtalaren oppe i fjella i Hellas.. Me brukte det same repertoaret, med nokre få justeringar. Folk virka veldig fornøgde med konsertane, me fekk mykje applaus, gode tilbakemeldingar og folk ville ta bilde med oss. Etter konserten var det tapas og vin på vingarden, før me reiste til ein lokal restaurant. Der var det masse folk, song og meir mat og vin.

Fredag kveld tok me båt til Athen, der me overnatta før heimreisa vår laurdag formiddag.

Innimellan konsertar, øving og reising, vart det og tid til litt soling, bading og avslapping. Det var ein utruleg flott, innhaldsrik og spennande tur! Ein oppleveling eg seint vil gløyme!

Langeleikkurs i Oslo



Fredag 27. og lørdag 28. september var det kurs i langeleik i Oslo med Gunvor Hegge. Det var Valdreslaget v/Brit Totland sammen med Norsk Langeleikforum som var arrangør. Kurset fant sted på Brits arbeidsplass: Pfizer-bygningen på Lysaker. Det var et svært velegnet sted å ha kurs; store, lyse lokaler med så mange møterom at alle kursdeltagerne fikk egne øverom! Og Brit disket også opp

med nydelig hjemmelaget sjokoladekake til oss, i tillegg til god lunsj på lørdagen. Så de ytre rammene var absolutt på plass til at det skulle bli et vellykket kurs! Og et vellykket kurs var det absolutt: vi var 8 deltagere på ulikt nivå og vi fikk alle undervisning etter vårt eget nivå og ønsket progresjon. Gunvor gikk fra rom til rom og viste, spilte, instruerte, oppmuntret og lærte villig vekk nye låtter. I det ene rommet ble det spilt Pål sine høner, i et annet rom Småjentevalsen og i det store styrerommet gikk Bessleiken for fullt. Så full aktivitet og mye moro i hele øverste etasje av Pfizerbygningen denne helgen! Kurset ble avsluttet med en demonstrasjon og instruksjon i ulike stemminger og en liten konsert med alle deltagerne. Tusen takk til Brit for all organisering!

Og tusen takk til Gunvor for et inspirerende og fantastisk kurs!

Samling i Røn

Røn var staden midt i oktober. Då var yngre og eldre langeleikspelarar samla til spel og triveleg samver. Her var låttar utveksla, stubbar sunge og historier fortalt.



Bjørg Berge instruerer Borghild H. Dalbø, meden Gyda Grondalen Hoffmann hjelper Hildur Haugene.



Johanna Fuglesteg lærde bort låttesteva, og vi andre song og spelte. På repertoaret stod mellom anna Briskehauga, halling etter Arne Myrvold, hamborgar frå Vardal og Kari, Kari, kor har du være. Gunnlaug Lien har laga ein tekst til hamborgaren frå Vardal, og den finn du på ei av siste sidene i dette nummeret.

Fleire bilete på langeleikforum.no.



Nordisk Harpetreff 2013

I år var det idylliske Solvikskolan i Järna sør for Stockholm som var møteplassen for om lag 70 musikkentusiastar på Nordisk Harpetreff. Det var sjette gongen dette treffet vart arrangert og mange har vore med heilt frå starten. Her møtes folk med store og små harper, lyrer, kantele med 5 til 100 strenger, strykelyre, langeleik, shrutibox, fløyter, gitarer, sekkepiper, sangstemmer og danseglede til spel, sang og dans, og ikkje minst sosialt samver og láttebyte! Og sjøl om det heiter «nordisk treff» så har det med åra fått eit internasjonalt preg med deltakarar frå mange land i Europa. Josef Straka frå Tsjekkia var, saman med Erik Ask Uppmark frå Sverige, initiativtakar til oppstarten av harpetreffet, og desse to har etter kvart klart å bygge opp eit nettverk av musikantar frå mange nasjonar og med mange ulike stilartar. Noreg har vore representert med fleire opp gjennom åra, men i år var vi dei einaste norske. Det var konsertar og workshops der ulike instrument deltok og i år fekk harpefolk og andre lære Briskehaga, både tekst og melodi, springdansen Blind-Kjerstine frå Torpa og Katt-Fregatt, ein sangstubb frå Vardal. Det var ein fryd å høyre samklagen frå alle dei ulike instrumenta og sangen! Så ikkje bli forundra om du ein dag hører ein finne, ein islending eller ein tsjekker som hullar på Briskehaga....

I år var det for første gong med ein hummelspelar frå Sverige, Henrik «hummel» Schön, som hadde teke opp att den svenske tradisjonen. Hummel er ein slekting av langeleiken:



The hummel is an old Swedish stringed instrument similar to an older type of zither and is related to the Norwegian langeleik. The name is thought to come from the German word hummel, meaning "bumblebee", referring to the droning sound created by the accompaniment strings.

Det var ei stor oppleveling å høyra instrumentet, og ikkje minst i samspelet med Chris Foster på islandsk langspel, det svinga av musikken dei ga oss!

Neste år er det Gjøvik som står for tur til å arrangera treffet og vi håpar at så mange som råd tek turen hit for delta. Det er ein møteplass for alle der det er stor respekt for dei ulike uttrykkformene i musikken, sangen og dansen. Så set av helga i veke 43 og ta turen til Gjøvik!

Marit og Stein


Nye plater

Sidan sist har det kome ut to plater der langeleiken spelar ei viktig rolle. Dette gjeld utgjevingane til Blått gådn og Sudan Dudan, der Invild Lie spelar langeleik på den første og Marit Karlberg på den andre. Både Ingvild og Marit brukar langeleiken også på ein utradisjonell måte, og visar med dette at bruksområdet til instrumentet med hell kan utvidast. Begge platene har fått framifrå mottaking frå eit breitt publikum.



Om **Blått gådn** kan ein t.d. lesa:

«Med sin fine instrumentelle sammenstning og gode låtvalg leverer denne trioen en debutplate som er en vellydende og balansert musikkreise gjennom nytt og gammelt, norsk og internasjonalt.» *Kjelde: Bjørn Hammershaug i Folkemusikk 04/13*



Denne meldinga i VGnett gav **Sudan Dudan** ein seksar:

«Det funkler av deres strengespill, henholdsvis langeleik og gitar, og deres stemmer skaper noen av de fineste duettene på denne siden av Atlanteren. Selv om de to holder seg i et lavmælt register, kan de swinge med et intenst sug, som i «Ola Torssøn», der Røine også drar på med munnharpe. *Kjelde: VGnett 06/10/13*

"Småplukk"

- Instrumentbyggjargruppa på Gjøvik fekk Egil Storbekkens Musikkpris 2013. Vi gratulerer!
- Instrumentbyggjeseminar på Fagernes i november i regi av museet
- Brøtagutane fekk høgare poengsum i gruppespel enn Jan B. Granli på Hilimestemnet! Og av same dommarane!

- KLANGEN FØR FELA - RIKSSCENA 31.1 - 2.2. 2014

Kurs i kveding, munnharpe, langeleik, lur og bukkehorn

Program

Fredag 31. januar

19:00 Kursåpning på **KLUBBSCENEN**. Registrering av deltagere og presentasjon av kursinstruktørene
 20:00 Dugnadskonsert med utøvere fra de 4 foraene. Her får du høre munnharpe, langeleik, lur, bukkehorn
 og kveding. Det blir åpen scene og sosialt samvær, ta med instrument

Lørdag 1. februar

09:30 – 10:00 Fellessamling og orientering på **HOVEDSCENEN**
 10:00 – 10:45 Slåttesegner. Møte med forteller, kvedar og langeleikspiller Johanna Fuglesteg
 Servering av kaffe
 10:45 – 11:00 Pause
 11:00 – 12:30 Kurs i sang og spill
 12:30 – 14:00 Lunsj. Mingling, salg av CD-er og instrumenter. Loddsalg med flotte premier
 14:00 – 14:30 Fellessamling på **HOVEDSCENEN**: "Dansedokker og musikken" med Svein Westad og Elisabeth Kværne
 14:30 – 16:30 Kursene fortsetter
 16:30 – 21:00 Middag på eget initiativ. Riksscenen er åpen for mingling, salg av CD-er og instrumenter
 21:00 – 22:30 Konsert på **HOVEDSCENEN** med Odd Sylvarnes Lund, Eilif Gundersen, Svein Westad, Ole Aastad Bråten, Knut Aastad Bråten, Marit Steinsrud, Stein Villa, Anders Røine, Veronika Sørum, Johanna Fuglesteg, Bjørn Sigurd Glorvigen, Eli Storbekken og Birger Mistereggen
 22:30 Dansefest med buskspel

Søndag 2. februar

10:00 – 11:00 "Fra note til framføring" på **HOVEDSCENEN**
 11:00 – 13:00 - Kursene fortsetter
 - Spikking av dansedokker med Stein Villa
 - Sangleiker for barn og unge med Veslemøy Fjerdingstad
 13:15 Avslutning og lunsj på eget initiativ
 (med forbehold om programendringer)
 15:00 "**TETT PÅ**" møte med Margrete Nordmoen og Martin Myhr
 Dette konsertmøtet er ikke en del av kurset. Bill. kr 75,- / 50,-



Påmelding til
turidberge@gmail.com
innen 10. januar 2014

**Husk å opplyse hvilket kurs du melder
deg på**

Kursavgiften innbetales til konto
1503 14 71807

Ikke-medlem 600,-/Medlem 400,-
/Studenter 400,-/Lørdagsbillett uten
konsert 300,-
Barn u. 12 år gratis

www.kvedarforum.no
www.lurogbukkehorn.org
www.langeleikforum.no
www.munnharpe.no
www.riksscenen.no

Småplukk frå nedskrivne kjelder

Valdres Bygdebok har i bind nr 7 Valdrestonar som tittel. Her finn ein omtale både av instrument og spelarar, og mange låttar er nedteikna på notar . Låttane er også omtala med kjeldetilvisingar, og her finn ein segner og anekdotar som er knytt te til låttane.

For eit års tid sidan hadde vi ein artikkel om Berit på Pynte. På side 234 finn vi dette om langeleiken til Berit:

O.K.Ødegaard fortel at før ho døydde, let ho målaren Erik Werenskiold få langeleiken sin, "o e de kji noko anna rart ved denna hørpa, so e de sikkert, at de kji e noko "instrument" her i lande, so so mange følkeslag ha høyrt, so hørpa henne Berit paa Pynte."

Dagens låttestev

Denne gongen tek vi med ein tekst Gunnlaug Lien har laga til ein hamborgar frå Vardal som er mykje brukt på langeleik.

Nissesang

No har me venta, treet æ henta,
dagen æ her me samlast skal.
Kom inn i varmen, dansen og sangen,
feste skal vara viku ut.
Nissen æ her, han trør i dansen,
svingar seg rundt og svinsar med svansen.
Etterpå set me uss ved bordet,
alle veit no at nissen har ordet.
Ventar spent på ko han har med.

Jula æ komen i huset og låven
høgtid og hygge i kvar ei krå.
Grauten i bollen, neket på stauren,
her æ det duka til gjestebod.
Songen den kling i alle dalar,
stjerna heng høgt i alle salar.
Nissen han klør seg i skjegget og smiler;
"No æ det best eg går heim og kviler,
so kjem eg atte til neste år:"



GOD JUL

Kappleiksresultat sidan sist



Langeleik Junior

- 1 Ingebjørg Hegge Bratrud Vårflaumen Spel- og dansarlag 113
- 2 Helga Springgard Ål spel- og dansarlag 112
- 3 Ida Kristine Opheimsbakken Vårflaumen Spel- og dansarlag 111
- 3 Kristin Lie Øystre Slidre Spel- og dansarlag 111

Langeleik senior

- 1 Ingvild Lie Øystre Slidre Spel- og dansarlag 123
- 2 Lise Lunde Brennhagen Vårflaumen Spel- og dansarlag 122

Gruppespel junior

- 2 Ingebjørg og Ida Kristine 98



JØRN HILME STEMNET 2013

Langeleik, senior

- 1 Ingvild Lie Øystre Slidre spel- og dansarlag 124
- 2 Marit Steinsrud 120
- 3 Lise Lunde Brennhagen Vårflaumen spel- og dansarlag 113

Langeleik, rekrutt

Borghild Dalbø Øystre Slidre spel og dansaralag

Langeleik, junior

- 1 Ingebjørg Hege Bratrud Vårflaumen spel- og dansarlag 112

Verkstad for små og store langeleik-tenester

Ta kontakt med anten Oddrun Hegge tlf. 97176868 eller Valdresmusea tlf. 6135 9930. Me vil hjelpe så langt me kan og tilbyr stell og vedlikehald, sal av strenger, snertar og etui.



Nye langeleik-etui på marknaden, no som ryggsekk og med innerlomme for snert og krims-krams.
Farge: vinraudt, svart og brunt. Pris kr. 1900. Kontakt Oddrun 97176868

Heimeside:

www.langeleikforum.no

facebook: Norsk langeleikforum

e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2014: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

Styret i Norsk Langeleikforum 2013

Leiar:

Marit Steinsrud
Odnesvegen 561
2822 BYBRUA
Tlf 41 20 29 84

Kasserar:

Turid Berge Endrerud
Granstien 40
2817 GJØVIK
Tlf 934 52 808

Sekretær:

Gunvor Hegge
Bygdinvegen 2722
2950 SKAMMESTEIN
Tlf 907 40 702

Styremedlem

Sigurd Braathen
Oskars gate 64 E,
1706 Sarpsborg
Tlf 951 72 708

Styremedlem

Lise Lunde Brennhagen
Tingnesveien
2900 FAGERNES
Tlf 920 99 521